

## Avkøyrsløse frå fylkesvegen?

10.06.2011



Det eine alternativet er avkøyrsløse ved løa til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Grunneigarane Olga Helene Arneesen og arvingar har bede kommunen om førehandsuttale i ei byggjesak som gjeld avkøyrsløse frå fylkesvegen sentralt i Uskedalen.. Dei ynskjer å byggja eit bustadhus med 100 meters grunnflate på ei tomt som har avkøyrsløse frå vegen, Den er ved løa som ligg tett ved denne..**

Grunneigarane ynskjer ei klårleggjing av problematikken rundt avkøyrsløse og byggjegrænse i høve til fylkesvegen.

Dei har også sett på ei alternativ løysing der huset blir plassert på nabetomta som er for sal. Då vil ein kunne benytte eksisterande kommunal og privat veg som tilkomst.

Ved dei 2 alternativa blir huset plassert 23 og 21 meter frå senterlinja av nærmaste køyrebane.

Det blir vist til at vegvesenet i samband med reguleringsplanforslaget for Beinavikjø Brygge kunne akseptera ei byggjegrænse på inntil 15 meter.

Av Ola Matti Mathisen